

# Styremøte i V.I.L

## Klubbhuset 03.09.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Karianne Vestre Døving, Trond Håvoll, Ellisiv Jarvik, Inge Sunde, Torkjell Bjørstad og Magne Eivind Glomnes.

Saker:

### 1. Orientering frå gruppene

Fotball: Det vart arrangert ein motivasjonskveld på klubbhuset nyleg der det var bra oppmøte. Serien går sin gang, og det er stor aktivitet. Grasbana er veldig bra.

Kunstgrasnemnda jobbar, men bana kjem mest truleg ikkje på plass i år.

Friidrett: Det har vore mykje aktivitet denne sesongen. Deltakinga var god på Norddalsstafetten med 16 lag på startstreken. Det verkar som det er lettare å arrangere stafetten fredag enn søndag.

Det var også gode tilbakemeldingar og bra samarbeid på Storfjordstemnet (52 deltakarar. Ein cup står igjen før sesongen er over.

Ski: Det blir rulleskitrening framover.

Trim: Trimpostane er framleis på plass i fjella.

### 2. Treningstider på samfunnshuset

Treningstidene på samfunnshuset fram til jul skal fastsettast no. Fristen er 15. september. Fotballgruppa må spesielt tenke på det.

### **3. Innkjøp av diverse utstyr til klubbhuset**

Hovudlaget kjøper inn ein mikrobølgeovn som skal vere på klubbhuset. Det har kome tilbakemeldingar om at det trengst på huset.

### **4. Idrettsskulen**

Idrettsskulen startar opp etter haustferien. Idrettsskulen blir onsdagar frå kl 1615 til kl 1700. Ein må få på plass tre instruktørar som må ha politiattest. Lønna til instruktørane blir auka frå 150 kr til 200 kr gongen.

### **5. Arbeid utover hausten**

Idrettslaget har blitt invitert til å møte på Fjordtrim 15. september for å vere med å evaluere tilbudet der. Idrettslaget bør ta opp om idrettslaget kan få klubbrabatt på Fjordtrim.

Møterunden: det skal haldast eit møte i Spjelkavika som handlar om spelemidlar. Einar Hoel har møtt der tidlegare.

Sosialt: Skal idrettslaget arrangere ein sosial kveld for folket i bygda? Beste tidspunktet er i januar/februar.

Arbeid på klubbhuset: Døra må på plass og flisene må leggest. Idrettslaget får ikkje spelemidlane før arbeidet er fullført.